



Soknemøtet på Valen påpeika behov for fleire ressursar til Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hvis den nye soknepresten skal ha fleire tenester i Uskedalen må det tilførast meir ressursar på Husnes, heiter det i ein merknad som soknemøtet for Husnes og Holmedal sokn vedtok samrøystes og etter forslag frå Alf Jarle Langeland søndag.

Saka gjeld forslaget frå Bjørgvin bispedømme om å gjera den ledige kapellanstillinga i Husnes og Holmedal om til sokneprest i Uskedalen sokn med Husnes og Holmedal og Uskedalen sokn som tenestestad. Kapellanstillinga har stått ledig lenge og skal gjerast meir attraktiv.

Stillinga skal framleis ha buplikt i tenestebustaden på Valen. Neste søndag skal saka opp på soknemøte i Uskedalen.

Soknemøtet som vart halde i kyrkja på Valen slutta seg samrøystes til forslaget frå det avgåtte soknerådet der det blir kravd som ein føresetnad at presten framleis skal ha det aller meste av sitt arbeid i Husnes og Holmedal sokn.

Stillinga må ikkje verta tillagt så mange nye oppgåver at det går ut over viktige oppgåver knytta til dåpsopplæring, samarbeid med skule og barnehage og ungdomsarbeid.

Difor må dei stillingane som i dag har Uskedalen som tenestestad framleis ha ansvar for dei fleste tenestene der som til dømes gravferder og vigslar, medan presten som sit i soknerådet kan ha nokre gudstenester i Uskedalen.

Den nye soknerådsleiaren Torstein Aartun peika under soknemøtet på at det truleg ligg an til ein omfordeling av ressursar i heile distriktet med omsyn til prestenesta. Han minna som eit døme om at Kvinnherad med eit folketal på 13.500 har 5 prestar medan Bømlo med 11.000 har berre 2. Det kan med andre ord bli endringar innad i prostiet.

Alf Jarle Langeland hadde denne kommentaren: - Jau, det kan bli ei omlegging, men korleis den vil arte seg veit vi ikkje i dag.

Av Ola Matti Mathisen